

Fra: Østby Lise[lise.ostby@krd.dep.no]

Dato: 23.08.2012 12:25:32

Til:

Kopi: Post Distriktssenteret

Tittel: Statsbudsjettet 2012 - Kap. 552, post 72 - Tilsegn om tilskot på inntil 900 000 kroner til Stryn Næringshage AS, Bu i Stryn - Designlandet - Bulyst 2012

Stryn Næringshage AS
Tinggata 3
6783 STRYN

Deres ref.

Vår ref.
11/1314-52

Dato
23.8.2012

Statsbudsjettet 2012 – Kap. 552, post 72 – Tilsegn om tilskot på inntil 900 000 kroner til Stryn Næringshage AS, Bu i Stryn – Designlandet – Bulyst 2012

Tilsegnnummer: 12242056

Vi viser til vårt tilsegnsbrev av 25. oktober 2011, der Stryn Næringshage fekk tildela 900 000 kroner til prosjektet Bu i Stryn – Designlandet for 2011. I brevet skreiv vi bl.a. følgjande: "*Under føresetnad om Stortinget sitt budsjettvedtak i 2012 vil departementet støtte prosjektet også i 2012, med kr 900 000. KRD vil sende eit nytt tilskotsbrev i 2012, etter at årleg rapport er motteke, sjå punktet om rapportering og kontroll seinare i dette brevet*".

Ettersom årleg rapport no er motteke gir Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) tilsot på inntil kr 900 000, til prosjektet Bu i Stryn – Designlandet i regi av Stryn Næringshage i 2012. Prosjektet kan ikkje rekne med ytterlegare medfinansiering frå KRD.

Vi viser og til informasjonen i brevet av 25. oktober 2011 og vilkår for tilskotet som og er gjeldande for dette tilskotet som tildelas for 2012. Tilskotet er gyldig i tilsegnsåret, og dei to påfølgjande åra. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast innan utgangen av 2014. Utbetalingsoppmoding må sendast til departementet innan 1. desember 2014.

Høvet til EØS-regelverk

Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert høvet til EØS-regelverket i forbindelse med tildeling av bulystmidlar. Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert det slik at Stryn Næringshage i denne samanhengen ikkje driv med økonomisk aktivitet og at næringshagen ikkje skal sjåast som eit føretak i EØS-avtalen sin forstand. EØS-avtalen sine reglar om offentleg stønad vert difor ikkje brukt på tilskotet.

Vi ber næringshagen vere merksam på at dersom de vidareformidlar heile eller delar av tilskotsbeløpet til andre aktørar må næringshagen halde seg til reglane om offentleg stønad.

Næringshagen bør også vere merksam på at dersom det vert gjort endringar i prosjektet vil dette kunne føre til at aktiviteten i prosjektet endrar karakter frå å vere ikkje-økonomisk til å være økonomisk. I slike høver vil reglane om offentleg stønad kunne kome til nytte.

Med hilsen

Gerd Slinning (e.f.)
avdelingsdirektør

Lise Østby
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.